Bokn kommune



Velkomen til Bokn

Bokn er ein liten kommune, rundt 860 innbyggarar, men med store moglegheiter framover. Me ser lyst på framtida, har nettoppbygd ny skule og forventar auke i folketalet. Difor arbeider me med å legge til rette for fleire tomter i kommunen, og har ei god ordning med startlån for dei som vil bygge.

Me satsar på å vera eit attraktivt lokalsamfunn med gode kommunale tenester, varierte fritidstilbod, eit rikt kulturliv, nærleik til naturen og eit sterkt frivillig engasjement. Her er det kort veg til gode opplevingar, trygge oppvekstvilkår og aktive lokalsamfunn.

Rogfast er under bygging og vil knyta Bokn tettare saman med resten av regionen. Når prosjektet står ferdig, vil kommunen få ein endå meir sentral plassering mellom Stavangerområdet og Haugalandet. Samstundes er Haugaland Næringspark, der Bokn er medeigar, under utvikling som ein viktig arena for framtidsretta næringsverksemd og nye arbeidsplassar.

Historie og kulturarv

Bokn er ein av dei eldste kommunane i landet som framleis består i si opphavlege form. Namnet Bokn tyder vegvisar eller sjømerke, og Boknafjellet har gjennom generasjonar vore eit viktig landemerke for sjøfarande langs norskekysten. Spor etter busetnad heilt tilbake til steinalderen, gravhaugar frå bronsealderen og andre kulturminne vitnar om at menneske har levd og virka her i fleire tusen år.

Eit av dei fremste kulturminna i kommunen er Bokn kyrkje, som har vore eit samlande punkt for øysamfunnet gjennom mange hundre år. Kyrkjestaden har røter langt tilbake i tid, og kyrkjegarden er eldre enn domkyrkja i Stavanger. Kyrkja og området rundt fortel historia om eit samfunn som gjennom generasjonar har levd tett på havet, leia og dei viktige ferdselsvegane langs kysten. Andre kulturminne som Asbjørn Kloster-bautaen, Klepp festningsanlegg og bygdemuseet fortel om menneska som har forma Bokn gjennom generasjonar. Her møter fortid og framtid kvarandre, og historia er framleis ein levande del av identiteten til kommunen.

Næringsliv

Næringslivet i Bokn har lange tradisjonar innan landbruk, fiske og havbruk. Desse næringane står framleis sterkt, og mange unge vel å satsa på ei framtid innan dei blå og grøne næringane. Havbruksverksemda til Grieg Seafood er ein viktig arbeidsplass og verdiskapar i kommunen.

I tillegg er Bokn sentralt plassert i ein region med eit stort og variert arbeidsmarknad. Equinor sitt anlegg på Kårstø ligg i kort avstand frå kommunen og er ein av dei største arbeidsplassane i regionen. Haugesund og Karmøy ligg berre om lag ein halv times køyretur frå Bokn, noko som gjev innbyggarane tilgang til eit breitt spekter av arbeidsplassar innan industri, energi, maritime næringar, handel og tenesteyting.

Bokn har òg eit mangfald av lokale verksemder innan bygg og anlegg, verkstadindustri, handel, service og transport. Kommunen arbeider aktivt med næringsutvikling og legg til rette for etableringar gjennom næringsareal og eit eige næringsfond. Som medeigar i Haugaland Næringspark er Bokn med på å utvikla nye moglegheiter for næringsliv og arbeidsplassar i regionen.

Frivilligheit

Frivilligheita er ein av dei største styrkane i Bokn. Folk stiller opp for kvarandre og bidreg gjennom lag, foreiningar og dugnadsarbeid. Her finn du mellom anna Røde Kors, sanitetsforeining, Bokn idrettslag, båtforeining, speidar, historielag og fleire andre aktive organisasjonar. Viljen til samarbeid og fellesskap pregar bygda og gjer Bokn til ein god stad å bu og engasjera seg.



Ordførar Egil Våge


2255

Bokn – framtida tar form nå

For første gong på 140 år har Bokn kommune nådd 900 innbyggarar, og veksten held fram. Me bygger ikkje berre for i dag, men for framtida. Med Rogfast under bygging og nye bustadområde på gong, står Bokn framfor ei historisk spennande tid.

Kommunen satsar målretta på å skapa eit attraktivt lokalsamfunn som trekker til seg familiar og næringar. Her kan du vera med på å forma eit samfunn i vekst – der kvar innbyggar tel og kvar draum kan bli røyndom.

Føresvik – pulsen i Bokn

Føresvik utviklar seg til å bli det naturlege sentrum for heile Bokn. Her er kommunale tenester, handel og viktige møteplassar samla. Den strategiske plasseringa gjer Føresvik til eit levande nav for både innbyggarar og næringsliv.

Med båthamn, ferjekai og snart direkte tilgang til Rogfast, blir Føresvik porten inn til ein moderne øykommune med røter i historia. Dette er staden der framtida tar form.



Gamleholmen – der liv og arbeid møtest

På Gamleholmen utviklar me eit nytt område som smelter saman bustader, næringsliv og sosiale møteplassar. Her planlegg me alt frå moderne leilegheiter til funksjonelle næringsbygg, med havet som nærmaste nabo.

Med badeplass og gjestehamn rett utanfor døra blir dette eit unikt område der me kan leva, arbeida og kosa oss ved sjøen. Gamleholmen skal bli ein levande del av Bokn der menneske møtest og trivst.

Nyholmen – der draumar om sjønært liv blir røyndom

På Nyholmen bygger me eit moderne bustadområde som tek vare på den unike kystlinja. Her kan du velja mellom fast bustad eller fritidsheim, alle med kort avstand til sjøen.

Med eigen parkeringsplass og båtplass for alle, grøntområde og badestrand, blir Nyholmen eit eldorado for alle som elskar sjø og natur. Det er inga buplikt her – du vel sjølv korleis du vil nytta ditt eigen sjønære heim.





Du bur i ein Av-og-til-kommune!

Bokn er ein Av-og-til-kommune. Det betyr at vi saman med Av-og-til jobbar med alkoholførebygging og godt alkovett for å gjere kvardagen tryggare for alle.

Alkovett handlar om å tenkje igjen om du skal drikke, og når du skal stoppe. Godt alkovett er viktig på arbeidsplassen, heime, på fritida, på arenaer der barn og unge ferdast, og på ulike sosiale møteplassar.

Les meir på avogtil.no

Ønskjer du å vite meir, eller kan du tenkje deg å bidra?
Ta gjerne kontakt med Av-og-til-koordinator Miriam på telefon 404 10 570
eller e-post miriam.berland@bokn.kommune.no

Bokn kommune

Av·og·til

Oppvekst og trygge rammer

Me takkar alle samarbeidspartnarane våre



Rabben Naust og Småbåthavn

Langtidsleie av naust, boder og båtplasser i flotte omgivelser med tilgang til sløyebu og røykehus.
Ligger ved vågavegen 183, Austre Bokn

Kontakt Helge Solberg: Tlf 41208066
helgesolberg@yahoo.no

Ein trygg plass å veksa opp

I Bokn kjenner alle alle, og det skapar ein unik tryggleik for barna våre. Med ny skule, god barnehage og varierte fritidstilbod legg me grunnlaget for at kvart barn skal kjenna seg heime og få utvikla seg optimalt.

Me investerer i framtida når me satsar på barna – dei skal oppleva at dei høyrer til og kan bidra i samfunnet vårt.

"Det beste med Bokn er at det er så trygt her, og at me har så mange kjekke aktivitetar. Me kan gå over alt utan å vera redde, og det er alltid nokon å leika med."

– Elev ved Bokn skule

Kultur og frivilligheit

Den sterke dugnadsånda i Bokn gjer at me får til det meste saman. Her finn du organisasjonar og aktivitetar for alle aldrar – frå speidar til pensjonistforeining, frå idrettslag til historielag.

Bokn Arena er samlingspunktet vårt, der alt frå store kulturarrangement til lokale idrettsaktivitetar finn stad. Med bibliotek under utvikling og eit rikt foreiningsliv, er det alltid noko spennande på gong i Bokn.





HERVIK RØR

Hervikneset 45, 5566 Hervik • Tlf. 52 77 47 90 • www.hervik.no

I over 50 år har vi fått mange fornøyde kunder innenfor privat, industri og kommuner.

Vi har hatt mange store og små prosjekter for både kommuner og private i løpet av vår tid i bransjen.

Hos oss kan du føle deg trygg på at ting blir som avtalt. Ingen jobb for liten, ingen jobb for stor.

Der naturen er din nærmaste nabo

Med 125 øyar, holmar og skjer har Bokn eit unikt skjærgardslandskap som tek pusten frå deg. Turstiar leier deg til Boknafjellets topp, Kongsbu dagsturhytte med panoramautsikt, og fiskevatn som byr på uforgløymmelege opplevingar.

Her kan du gå, sykla, gå med båt eller berre nyta roa i naturen. Camping og friluftsliv høyrer naturleg til kvardagen, og havet er aldri langt unna.


Historie og kulturarv

Bokn har vore eit viktig knutepunkt gjennom tusenvis av år. Gravhaugar, fjøremannsbuene, boknaspenna og andre kulturminne vitnar om tidleg kontakt over havet, handel og eit samfunn i utvikling.

Frå vikingtid og mellomalder til nyare tid har menneska sett spor etter seg. Utforsk bygdemuseet, Klepp kystfort, Asbjørn Kloster-minnesmerket og andre kulturminne – og gå i spora etter dei som kom før oss.

coop prix
Bokn Tlf: 90811188

LUMOS
Lyd, lys, scene & bildeproduksjon
Tlf: 47 14 29 96 • hei@lumosevents.no



Opplevingar året rundt

Som innbyggar i Bokn har du turistopplevingar rett utanfor døra. Turar til Boknafjellet, båtturar i skjergården, fiske i vatna våre og langs kysten. Her kan du nyta det som andre reiser langt for å oppleva.

Nokre gonger er det finast der du bur.

ANAMARIA CLEANING AS

RENHOLD TILPASSET DINE BEHOV!

Ana Maria Cleaning AS kan leverer daglig vask av private hus, kontorer ,verksteder, og nedvask av hus, bygninger,vinduer, vask og textil rens.
Få et renhold tilpasset dine behov!

Grønnestadveien 58, 5561 Bokn • Tlf. 968 19 395 • E-post: anamariacleaningno@gmail.com

Tradisjon møter innovasjon

I Bokn bygger me på sterke tradisjonar innan landbruk og fiske, samtidig som me omfamnar framtidas moglegheiter. Grieg Seafood produserer sunn laks i fjordane våre og eksporterer til heile verda. Me har mange mindre bedrifter innan bygg, anlegg, verkstad og service – ofte familiedrivne som tek vare på tradisjonen med å skapa sin eigen arbeidsplass.

Kommunen støttar nyetableringar aktivt gjennom næringsfondet vårt, og som medeigar i Haugaland Næringspark – Noregs største ferdigregulerte næringspark – opnar me dører til framtidas arbeidsplassar.



Port 5561 – logistikknutepunkt for framtida

Strategisk plassert mellom Bergen og Stavanger utviklast Port-5561 på Bokn som eit viktig logistikknutepunkt på Vestlandet. Med berre 20-25 minutt til Stavanger når Rogfast står ferdig, blir Bokn ein sentral del av Vestlandets logistikknettverk.

Dette opnar for nye arbeidsplassar og næringsutvikling som vil styrka heile regionen – og gjera Bokn til ein motor for vekst på Vestlandet.

Samfunn og tenester

I Bokn opplever du fordelane med å bu i ein liten kommune der kvar innbyggar tel. Me har eigen fastlege, helsesjukepleiar og omfattande helsetenester tilpassa lokalsamfunnet vårt. Kommunen driv eigen omsorgsteneste, og når du treng hjelp, er det kort veg til avgjerder og personleg oppfølging.

Servicetorget vårt hjelper deg med alt frå byggesaker til skuleregistrering, og me er stolte av å kunna gi deg rask og effektiv service. Som innbyggar i Bokn kjenner me deg, og du kjenner oss – det skapar tillit og tryggleik.

Dette er det me kallar "Bokn-modellen" – personleg service i eit smidig lokalsamfunn.



I mer enn 30 år har Grieg Seafood Rogaland produsert sunn laks i fjordene i Rogaland. Fisken eksporterer vi til hele verden.

Vi er over 160 stolte medarbeidere som jobber på sjøanlegg, settefiskanlegg, slakteri eller kontor i Stavanger, Sandnes, Bokn, Suldal, Hjelmeland og Kvitsøy. I Rogaland produserer vi 350 000 måltider med laks hver dag, som spises til middag eller på brødskiva i 50 land i alle verdens hjørner.

Tusen takk til kommuner og lokalsamfunn for at dere har lagt til rette for oss, og tusen takk til alle våre lokale leverandører og samarbeidspartnere.

Havbruksnæringen er i rivende utvikling og har en stor fremtid i Ryfylket. Grieg Seafood Rogaland vil fortsette å skape gode jobber og positive ringvirkninger i vårt lokalsamfunn også i årene som kommer.

Grieg Seafood®

www.griegseafood.com

ROOTED IN NATUR

Bokn kommune

Nært alt - langt frå stress

Boknatunvegen 37
5561 Bokn
Tlf. 52 75 25 00
E-post: post@bokn.kommune.no

Heimeside



JS NORGE · Concept: JS Media Tools A/S · 116374 · www.jsnorge.no